



# Mot djupet i eit barnesinn

– Eg skriv om ungar som klarer seg. Sterke, einsame ungar som klarer seg, konstaterer Rønnaug Kleiva.

AV KIRSTEN ROPEID

**Rønnaug Kleiva skildrar djup og lengslar i barnesinnet som det ikkje alltid er like bekvemt for vaksne å bli konfrontert med. (Foto: Erik Sundt)**

**D**

ei har det ikkje leit. Det er berre at viktige personar, ei mor, ein far, eit barnehagepersonale, ikkje ser dei, seier ho. Ikkje eingong når dei gjer som Anna i boka frå sist bokhaust og sagnar ned huset, ser dei ho.

Rønnaug Kleiva loddar djupt i menneskesinnet når ho skriv. Tolv bøker på like mange år er det blitt. Sju barnebøker, fire bøker med prosalyrikk for vaksne og ei fagbok om gresk mytologi for barn. Det er fem år sidan ho slutta i lærarjobben i Ørsta og konsentrerte seg heilt om å skrive.

Barnebøkene hennar blir kalla svært pedagogiske. For vaksne, Rønnaug Kleiva skildrar djup og lengslar i barnesinnet som det ikkje alltid er like bekvemt for vaksne å bli konfrontert med.

– Pedagogiske? Kanskje. Eg har vore lærar sidan eg vart fødd. Herja med dei to småsøstrene mine, lærte dei bokstavar og laga oppgaver for dei i skogen. Nå driv eg som stor folkeopplysjar i språklege og kulturelle emne i heimen. Men det var kjekkare å vere lærar før eg vart det, seier ho.



**- Eg har vore lærar sidan eg vart fødd. Men det var kjekkare å vere lærar før eg vart det.**

Kleiva kan dikte opp fantastiske historier. Kva skal ein elles kalle ei forteljing om ein gut som kidnappar seg sjølv, og sender foreldra krav om store løysepengar for å få att guten sin. Men ho kan og skrive ei heil bok om eit barn som kjem heim til tomt hus. I siste boka, «Ikkje gløym å klappe katten», er det den gamle historia om jenta som får småsøsken og kjenner seg trua av det.

- Som nummer tre blant fem søstret er eg fagmann i sjalusi, har Kleiva sagt som kommentar til boka.

Men same kva ho skriv om, er det på det indre plan spenningsrik.

- Eg nyttar alltid konkrete bilde, korrigerer ho.

- Men eg nyttar aldri berre realistiske bilde, legg ho til.

Bøkene er ordknappe og konsentrerte.

- Eg drøymmer av og til om å starte

**«Pedagogane bør presentere litteraturen meir slik dei presenterer musikk.»**

**«Ungane bør få sjanse til å ha sine litterære opplevingar i fred.»**

byrået AS Kutt & Stryk. Eg brukar mye tid på det. Å kutte og stryke. Det likar eg godt. Eg sit og pussar og pussar på ord og uttrykk for å få dei blanke og presise nok. Ordrike bøker syns eg undervurderer meg.

Ho verkar ikkje redd for å vere vanskeleg.

- Eg er alltid svært trygg på at det eg har skrive held. Eg veit det er godt nok. Men eg er ikkje trygg på at alle skjønner at det er det.

Men om det er ungar som ikkje får noe ut av bøkene mine, er det ikkje så farleg. Vi treng alle slags barnelitteratur. Det er viktig at barnelitteraturen fannar vidt, og at ungene får møte ulike genrar. Del som les for ungar i barnehage og skole kan legge vekt på å vere opne for mest mogeleg ulik litteratur. Den vaksne sin haldning vil verke over på ungene. Er dei vaksne skeptiske til bøker som ikkje er handlingsmetta, vil ungene bli det og. Men samstundes må vi akseptere at alle ikkje kan like alt, seier Rønnaug Kleiva, og held fram:

- Pedagogane bør presentere litteraturen meir slik dei presenterer musikk. Ikkje snakk og forklar så mye rundt teksten heile tida. La ungene få høyre, og la det vere med det. Ungane bør få sjanse til å ha sine litterære opplevingar i fred, seier ho.

Medan ungene i barnebøkene til Rønnaug Kleiva klarar seg, er det ikkje like lett å vere overtydd om at det og er tilfellet med dei personane vi får gløtt av i bøkene hennar for vaksne. I alle fall ikkje om vi med «å klare seg» meiner å leve ei lett og grei tilvere.

- Det er ikkje mye omheitt i dei bøkene, seier ho og gliser plutselig rått.

I staden skildrar bøkene ei unndring, som ofte er sår, over verda og over eigen plass i alt saman. Er ein til stades i tilveret, eller er ein ikkje?

- Det er «mangelbøker», seier Rønnaug Kleiva knapt.

Vi spør forsiktig om vi tabbar oss ut om vi trur det er ein samanhang mellom forfatterna og det ho skriv om.

- Ein hadde vel ikkje gidda arbeide slik med å få fram eit uttrykk, om det ikkje skulle skildre noe som var viktig for ein, seier ho, og vi vågar oss lengre fram på. For midt blant desse «mangelbøkene» har Rønnaug Kleiva skrive boka «I ovnen er lammet», ei bok med så saftig erotikk at tilveret lett verkar svært så nærverande og til stades. I alle fall blir det ikkje det same meir å ete morellar etter å ha lese hos Rønnaug Kleiva alle måtane ein kan ete dei på.

- I erotikken kan ein vel ikkje vere i tvil om ein er til stades eller ikkje? Rønnaug Kleiva fomlar med syltetøyskeia, og rammene for tilveret her og no blir plutselig svært klare: Vi er på kaffistova, drikk kaffi, et svele og skal snakke om litteratur.

- Eg syns det er lettare å kommentere barnebøkene enn vaksnebøkene, seier ho og dukkar ned i koppen.

Vi prøver ro det heile i land ved å gripe til standardspørsmålet ved litterære intervju:

- Korleis begynte det?

- Eg debuterte da eg var 34. Eg hadde ikkje skrive noe før eg to år tidlegare tok til med det som skulle bli debutboka.

Før eg begynte å skrive? Da var eg lærar og mor. Hadde heim. Dreiv med det.

- Kva var det som skjedde, som løyste ut forfatterna i deg?

- Det var vel noko eg hadde gløymt, seier Rønnaug Kleiva. □